

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.03.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Kenneth Vikane, Jan Tore Huus, Thorleif Gjernes og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Tiril Eiken

Referent: Kaia

Sak 2022/16: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/17: Godkjenning av referat frå styremøte 08.02.2022. Godkjent

Sak 2022/18: Eigedomar:

Det er sett i ny ytterdør på baksida i 1. høg. Me har fått støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger til denne utbetringa, *tusen takk!*

Det er bestilt montering av vassmålar i Meieriet, denne kjem på plass snarast.

Sak 2022/19: Tilstellingar:

- Årsmøte Herand Bygdelag 20.03.2022 kl 16:00, alle er hjarteleg velkomne.
 - Angunn; framlegg til budsjett for 2022, styret gjekk gjennom utkast.
 - Kaia; framlegg til årsmelding for 2021. styret gjekk igjennom utkast.
- Samarbeidsmøte for lag og organisasjonar 20.03.2022 kl 17:30. Jondal/Odda Frivilligsentral kjem for å informera om kommunens frivilligstrategi. Leiar i alle lag/lagshus/arrangørar får invitasjon, alle interesserte er velkomne. Me markerer opning av Frivillighetens år 2022 med servering av betasuppe og kake kl. 17.00.
- 17. mai komiteen, innleiande møte søndag 13.03.2022. Me ynskjer ny komité lukke til med arbeidet og takker for innsatsen!
- Bygdedugnad 23.04.2022. Planlegging, m.a. innmelding av oppgåver, innkjøp, fordeling av oppgåver for styremedlem. Bygdelaget ber om at alle melder inn arbeidsoppgåver/ting som må gjerast til leiar i bygdelaget. Etter to år med smittevernrestriksjonar og ingen felles vårdugnad, håper me at mange i år igjen er klare for innsats. Velkommen med!

Sak 2022/20: Økonomi:

- Bygdelagsbasaren 26.02 gav eit fantastisk resultat med om lag 70 000,- i inntekt. *Tusen takk til alle som har kjøpt lodd og gjeve gevinstar og som møtte opp på basar!*
- Kasserar har sendt søknad om straumstønad til kulturhuset.

Sak 2022/21: Nærmiljøanlegget:

- Styret vedtok å oppgradera plassen etter bygging av nærmiljøanlegg. Prosjektgruppa søker støtte til tiltaket. I tillegg vert det søkt om støtte til nytt kunstgras i bingen og litt pussing/ferdigstilling på leikeplass. Målet er at plassen er klar til 17. mai feiringa.

Sak 2022/22: Andre saker/eventuelt:

Ingen saker.

Neste styremøte tysdag 05.04.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus